



RADØY KOMMUNE

dok 281

Radøy 5491	02.01.07
Kode Ki-SD1	

Det kongelige kultur- og kyrkjedepartementet
Kyrkjeavdelinga
postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

06/588-7/06/6582//LTA

Dato:

Manger: 28.12.2006

NOU 2006:2 OM STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRINGSUTTALE


Vi viser til dykkar høyringsbrev, dagsett 24.04.06, og til Radøy kommune sin høyringsuttale, sendt i brev av 30.11.06.

Radøy kommunestyre har i møte 14. desember 2006, sak 66/06, føreteke endeleg handsaming av ovannemnde sak, og kommunestyret slutta seg til formannskapet sitt framlegg til høyringsuttale med 17 mot 7 røyster.

Fleirtalet bestod av Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og ein frå Venstre, medan Fremskrittpartiet og to frå Venstre røysta imot. Dei som røysta imot, fremja ikkje noko eige framlegg.

Tidlegare innsendt høyringsuttale følgjer vedlagt.

Med helsing


Leif Taule
Konstituert rådmann



RADØY KOMMUNE

Det kongelege kultur- og kyrkjedepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
06/588-6/06/6109//LTA

Dato:
Manger: 30.11.2006

NOU 2006:2 OM STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRINGSUTTALE

Vi viser til dykkar høyringsbrev, dagsett 24.04.06.

Radøy kommune handsama saka i Radøy formannskap i møte 16. november d.å., og følgjande høyringsuttale vert med dette oversendt Kultur- og kyrkjedepartementet:

Kort historikk:

Den norske statskyrkjeordninga har vore drøfta tid om anna i meir enn 150 år. Fram gjennom tidene har fleire offentlege og kyrkjelege utval vore nedsette og saka har vore oppe i Stortinget ei rekkje gongar. Ein offentleg kommisjon frå 1971 gjorde i NOU 1975:30 *Stat og kyrkje*, framlegg om at Den norske kyrkja skulle bli ei fri folkekyrkje. Då saka kom opp i Stortinget i 1982, vedtok likevel Stortinget nesten samrøystes å vidareføra statskyrkjeordninga.

I 1998 nedsette Kyrkjerådet eit utval som på nytt skulle greia ut tilhøvet mellom staten og kyrkja. Utvalet la fram si innstilling i 2002. Også denne innstillinga konkluderte med at tida no var mogen til å skilja kyrkja frå staten. Innstillinga vart ikkje vedteken. Kyrkjemøtet hausten 2002 vedtok derimot å arbeida for reformer innanfor eksisterande ordning, men møtet tilrådde at det vart oppnemnt eit nytt offentleg utval som skulle greia ut tilhøvet mellom staten og kyrkja.

Dette utvalet (Gjønnesutvalet) er det no som har lagt fram si innstilling. Kultur- og kyrkjedepartementet ynskjer gjennom ein høyringsrunde å få innspel og synspunkt på innstillinga.

Eit fleirtal i utvalet (14 av 20) rår til at Den norske kyrkja vert organisert som ei lovforankra folkekyrkje. Det betyr at dei paragrafane i grunnlova som omhandlar statskyrkja må endrast/opphevast. Den norske kyrkja vil då verta eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og med sjølvstendig ansvar for alt som har med kyrkja si tru og verksemd å gjera. Den norske kyrkja skal likevel framleis ha tilknytning til staten gjennom ei eiga kyrkjelov forankra i ein grunnlovsbestemmelse.

Eit mindretal på 4 rår til at Den norske kyrkja vert heilt lausriven frå staten og organisert som ei sjølvstendig folkekyrkje på lik linje med alle andre trus- og livssynssamfunn.

Eit mindretal på 2 rår til at statskyrkjeordninga vert vidareført innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelser.

Kyrkja på Radøy.

Radøy kommune og Radøy kyrkjesokn har felles grenser. Kommune ligg ca. 45 km nord for Bergen. Folketalet har vore stabilt gjennom mange tiår, i dag omlag 4600, 4287 av desse er medlemmer i Den norske kyrkja, dvs. 93,2 %. Radøy kyrkjesokn har tre kyrkjer, Sæbø, Manger og Hordabø. Emigrantkyrkja på Sletta er eigd av ei privat stifting. Den vert leigd til kyrkjelege handlingar.

Radøy er ein typisk landsens vestlandskommune der kyrkja er viktig for folk. Den lokale kyrkja er eit åndeleg og kulturelt samlingspunkt i kommunen. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen er svært godt. Tilknytingsforma til staten har sjeldan skapt store problem for kyrkja lokalt. Tilhøvet mellom kyrkja og folket er mykje viktigare enn korleis kyrkja er knytta til staten.

Når kyrkjedepartementet no ber om soknet sitt syn på den framlagte NOU 2006:2, er det viktig å streka under at kravet om skilje mellom staten og kyrkja aldri er kome etter press eller uttalte ynskje frå grunnplanet i kyrkja. Det er òg typisk at kvar gong denne prosessen har vore i gang, har den vore initiert og starta frå toppen enten i kyrkja eller i statsforvaltninga. Det er truleg hovudgrunnen til at ingen av dei offentlege utgreiingane som har vore framlagt til no, har fått allmenn tilslutnad frå grunnplanet. Kyrkjefolk er grunnleggjande skeptiske til endringar som ein ikkje fullt ut kjenner konsekvensane av for den lokale kyrkja. Denne grunnhaldninga er sunn, og den bør gi viktige signal både til kyrkjerådet og til statsforvaltninga.

Det kongelege kultur og kyrkjedepartementet ber om uttale om følgjande i samband med NOU 2006:2.

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Tru og livssyn er viktig for alle menneske. Det offentlege må såleis leggja tilhøva slik tilrettes at kvart enkelt menneske fritt kan dyrka si gudstru og halda fast på og få respekt for sitt livssyn. Den norske kyrkja er eit trussamfunn. Kyrkja må difor ha både ideologiske og økonomiske rammer som gjer den i stand til å fungera som trussamfunn. Slik sett er den likestilt med alle andre trus- og livssynssamfunn i landet. Kyrkja er likevel så mykje meir. Tusenårig tradisjon og historie gjer at kyrkja og kyrkjelege markeringar for mange menneske er viktige rammer rundt livet. Kyrkja skal vera der når folk treng den, både i sorg og i glede. Ikkje alle som brukar kyrkja er bevisste på trus- og læregrunnlaget. Det er viktig at også dei skal kjenna seg heime og finna sin naturlege plass i Den norske kyrkja. Kyrkja er òg ein viktig kulturinstitusjon i lokalsamfunna. Mogelege nyordningar i styringsstrukturen må ta omsyn til det.

2. Bør den norske kirke fortsette som statskirke?

Svar:

Det er ikkje noko uttalt ynskje frå grunnplanet i Radøy å avvikla statskyrkjeordninga.

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

Svar:

Ei statskyrkje må framleis vera forankra i Grunnlova.

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

Svar:

Kyrkja bør vera offentleg finansiert utan medlemsavgift. Til no har dåpen vore einaste medlemskriteriet i kyrkja. Slik må det vera òg i framtida. Medlemsavgift høver ikkje i ei slik ordning. Radøy sokneråd er òg grunnleggjande skeptisk til tanken om ei eiga livssynsavgift.

Det har etter kvart blitt så mange avgiftsbelasta livsområde at folk flest vil reagere negativt på endå ei avgift. Dei vil venteleg få ein tung politisk veg å gå dei som skal marknadsføra og få politisk tilslutnad til innføring av ei livssynsavgift på eit par tusen kroner for kvar vaksne person.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

Svar:

Dei kyrkjelege valordningane slik dei er no, fungerer greitt nok, men det har synt seg vanskeleg å skape entusiasme rundt dei kyrkjelege vala. Ei ordning som bør nyttast meir, er å leggja soknerådsvalet til same tid og stad som kommunevalet. Problemet er likevel neppe sjølve valordninga, men innhaldet i det arbeidet dei ulike råda skal gjera. Kyrkja treng, uansett tilknytningsform til staten, ein grundig gjennomgang av gjeldande lovverk, forskrifter og forordningar. Slik regelverket fungerer i dag, har lokalkyrkja svært liten styringsrett t.d. over kyrkjebygga. Tiltak der, om dei er aldri så små og bagatellmessige, skal godkjennast og velsignast av overordna styresmakt. Det ser ut for at gjeldande regelverk byggjer på ei grunnleggjande mistru til lokal kompetanse og evne på grunnplanet til å ta ansvar for si eiga kyrkja.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2(eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

Svar:

Ei eventuell norsk folkekyrkje utan tilknytning til staten bør framleis vera konfesjonsbunden som ei evangelisk- luthersk kyrkje som byggjer på Den heilage skrifta og det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

Svar:

På Radøy er det heilt naturleg at kyrkja framleis har ansvar for gravplassane og for gravferdsforvaltninga. Kyrkjegardane ligg for det meste nær tilknytta kyrkjebygga. Kyrkjene på Radøy vert nytta i så og seia alle gravferder også av dei som tilhøyrrer andre kyrkjesamfunn. Dersom ein flyttar gravferdsforvaltninga over til kommunane, må dei oppretta ein eigen gravferdsetat som venteleg vil verta langt meir ressurskrevjande enn den fellesadministrasjonen som dei kyrkjelege fellestråda i dag har for å administrera og drifta kyrkjene og kyrkjegardane. For å ivareta menneske med ein annan religion, bør ein derimot ha eigne felt på gravplassane som ikkje er vigsla av kyrkja.

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

Svar:

Det lokale kyrkjesoknet bør framleis eiga kyrkjebygga, men sokneråda må få langt større reell styringsrett over kyrkjebygga enn dei no har. Det er og viktig at planane om ei finansieringsordning for opprusting og vedlikehald av kyrkjebygga vert følgt opp. Om ikkje kan verdfulle kulturskattar gå tapt.


Ordninga med at kyrkjeøkonomien vert forvalta gjennom kommunane, fungerer greitt, jf. § 15 i kyrkjelova, og det er ingen grunn til å endra ein praksis som er god. Radøy kommune har erfart at det er kort veg frå kommuneleiinga til kyrkjeleiinga når noko presserande må gjerast i kyrkjene, for kommunestyret og soknerådet har til vanleg felles interesse av å halda kyrkjene i god stand.

Skulle alternativet vera at lokalkyrkja skal få tildelt midlar direkte frå eit sentralt organ, er vi redde for at der faste tildelingskriteria vert lagt til grunn, vert det lite rom for lokale tiltak og behov og utkantane med spreidd busetnad og relativt mange kyrkjebygg, kan verta skadelidande. Ordninga med ei kommunefinansiert kyrkje bør difor halda fram, men kommunen må tilførast tilstrekkeleg med midlar til å ivareta den oppgåva på ein god måte.

Ovannemnde uttale vart tilrådd av formannskapet med 6 røyster. (Sp, Ap, H, V, KrF).
Ein representant røysta imot (Frp)

Saka vert endeleg handsama i kommunestyret 14. desember d.å., og det endelege vedtaket vert ettersendt.

Med helsing


Olav Steinar Namtvedt
ordfører


Leif Faule
Konstituert rådmann